

## Utkast til endringar i forskrift om målbruk i offentleg teneste

Fastsett av Kultur- og kyrkjedepartementet ..... 2006 med heimel i lov 11. april nr. 5 om målbruk i offentleg teneste

I forskrift 5. desember 1980 nr. 4938 om målbruk i offentleg teneste blir det gjort følgjande endringar:

I § 1 blir første ledd flytta ned som nytt tredje ledd og får følgjande ordlyd:

*Kultur- og kyrkjedepartementet og Språkrådet fører tilsyn med gjennomføringa av reglane om målbruk i offentleg teneste og kan for dette formål be om nødvendige rapportar og opplysningar frå kvart enkelt statsorgan.*

Noverande andre og tredje ledd blir nytt første og andre ledd.

§ 2 andre ledd skal lyde:

*I særlege høve kan Kultur- og kyrkjedepartementet etter søknad frita einsskilde tenestemenn eller nærmare fastsette grupper av tenestemenn frå plikta til å nytte begge målformer.*

§ 6 skal første ledd lyde:

*For tilfang etter § 8 første ledd første og andre punktum i lova vil ei rimeleg kvantitativ fordeling seie at ingen av dei to målformene skal vere representert med mindre enn 25 %.*

Nytt andre ledd skal lyde:

*Sentrale statsorgan skal fastsetje ein intern instruks om korleis vekslinga mellom målformene i praksis skal skje. Instruksen skal også innehalde faste rutinar for registrering av målform i alt tilfang som kjem inn under § 8 første ledd første og andre punktum, slik at organet kan halde oversikt over den faktiske prosentfordelinga mellom målformene.*

Nytt tredje ledd skal lyde:

*Innan 31. januar kvart år skal organet sende inn spesifisert og kvalitetssikra rapport som viser faktisk prosentfordeling mellom målformene i det kalenderåret som er gått. Departementa sender rapporten til Kultur- og kyrkjedepartementet, mens andre statsorgan rapporterer til Språkrådet.*

Noverande andre og tredje ledd blir nytt fjerde og femte ledd.

§ 8 skal lyde:

*Vedtak i kommunestyre eller fylkesting etter § 5 første ledd i lova skal meldast til Kultur- og kyrkjedepartementet. Ajourførte lister over slike målvedtak blir tekne inn som ny forskrift i Lovdata og kunngjorde i Norsk Lovtidend etter kvart som departementet får melding om*

*endringar. Nye målvedtak får ikkje rettslege verknader for statsorgan før dei er kunngjorde på denne måten.*

*Kultur- og kyrkjedepartementet kan fastsetje nærmare reglar om kunngjeringsmåten.*